



Opplæringskontoret
SØRE SUNNMØRE



Årsmelding for 2023





Innhold

| | |
|--|----|
| FØREMÅL | 2 |
| REGISTRERING | 2 |
| ADMINISTRASJON | 2 |
| STYRET | 3 |
| STYREMØTE | 3 |
| LIKESTILLING | 2 |
| ARBEIDSMILJØ | 2 |
| KVA MOTIVERER DEI TILSETTE I OPPLÆRINGSKONTORET?..... | 2 |
| FORUREINING..... | 3 |
| OVERSIKT OVER TILSKOT GJENNOM ÅRET 2023..... | 4 |
| ØKONOMI, REKNESKAP OG ÅRSRESULTAT | 5 |
| VIDARE DRIFT | 5 |
| LÆRLINGAR KNYTT TIL OPPLÆRINGSKONTORET PR. 31.12.2023..... | 6 |
| AKTIVE OG AVSLUTTANDE LÆREKONTRAKTER | 6 |
| RESULTAT AV FAGPRØVER I 2023 | 7 |
| MEDLEMSBEDRIFTER OG LÆRLINGAR I 2023 | 8 |
| REKRUTTERING | 8 |
| INTERNASJONALISERING | 9 |
| KURS, SAMLINGAR OG MØTER I REGI AV OPPLÆRINGSKONTORET | 10 |
| KOMPETANSEHEVINGSMIDLA..... | 10 |
| KVALITETSSIKRING | 11 |
| LÆRLING – LÆREBEDRIFT UNDERSØKINGA | 11 |
| | 11 |
| PROFLERING | 11 |
| REKRUTTERINGSPATRULJA | 12 |
| VIDAREGÅANDE SKULE | 12 |
| KOMPETANSE OG NÆRINGSAVDELINGA I MØRE OG ROMSDAL FYLKESKOMMUNE | 12 |
| AVSLUTNINGSVIS | 13 |



34

Bestått fagprøve

76

Nye lærlingar

117

I lære pr 31.12.23

Føremål

På vegne av medlemsbedriftene på søre Sunnmøre, er føremålet til Opplæringskontoret å legge til rette for opplæring av lærlingar og lærekandidatar i tråd med Opplæringslova. Opplæringskontoret er eit samarbeidsorgan mellom fleire bedrifter som har teke på seg opplæringsansvar i samsvar med fastsette læreplanar i aktuelle fag. Opplæringskontoret skal koordinere og støtte medlemmane si fagopplæring og medverke til at opplæringa held god fagleg kvalitet. Opplæringskontoret skal representere kommunane og medlemsbedriftene ut mot elevlar i vidaregåande skule, samt vere bindeledd og kontaktperson mellom skule og lærebedrift. Opplæringskontoret skal arbeide aktivt med informasjonsformidling på opplæringsplassane. Opplæringskontoret skal gje råd om opplæringstilbod, analysere opplæringsbehov og utvikle planar for opplæring.

Registrering

Opplæringskontoret er registrert i Brønnøysundregistrene med namnet: OPPLÆRINGSKONTORET FOR SØRE SUNNMØRE. Organisasjonsnummer er 912 314 634.

Administrasjon

Anne-Mari Pilskog er dagleg leiar. Ho er tilsett i 100 % stilling. Yvonne Sjøstad er opplæringskonsulent i 80% stilling. Julianne Nettet Kvalsund er opplæringskonsulent i ei engasjement stilling på 80 % i 2023.



Forsikring, Grande forsikring.

Opplæringskontoret leiger lokale med Kleven Eigendom AS, i Sjøgata 5 i Ulsteinvik.

Opplæringskontoret brukar Nordea som bank og Herøy Kommune fører rekneskap.

Revisjon vert utført av Søre Sunnmøre Kommunerevisjon ved Bodil Skeide.





Styret

Styreleiar- Berit Lyngstad, vara: Birgitte Sævik Pedersen -**Volda kommune**

Nestleiar- Cato Hansrud, vara: Renate Vågen -**Ulstein kommune**

Styremedlem- Wenche Thorseth, vara: Else Skoge -**Sande kommune**

Styremedlem- Elisabeth Warpe, vara: Keth Lane Remøy -**Herøy kommune**

Styremedlem- Inge Sveen, vara: Rose Marie Thunem Nygård -**Vanylven kommune**

Styremedlem- Vivian Johansen, vara: Mariann Båtnes - **Hareid kommune**

Styremedlem- Idun Lee Hofset, vara: Ingvild Aasen -**Ørsta kommune**

Styremedlem- Arve Ertesvåg, vara: Arild Iversen - **ikkje kommunale bedrifter**

Styremedlem- Hilde Ringen Hofseth, vara: Eli Karin Kvalsund -**Fagforbundet**



Styremøte

*Opplæringskontoret for søre Sunnmøre har gjennomført 4 styremøte i 2023.
Årsmøtet vart gjennomført 19 april.*

Saker som styret har handsama/blitt orientert om i 2023

- ✓ Rekruttering /inntak av lærlingar
- ✓ Pilotprosjekt for minoritetsspråklege kandidatar
- ✓ Nye medlemsbedrifter
- ✓ Status, økonomi og anna dagleg drift
- ✓ Samlingar for lærlingar og instruktørar
- ✓ Kompetansehevingsmidlar
- ✓ Generell informasjon om Opplæringskontoret
- ✓ Informasjon om «fagbrev på jobb» og yrkesfagleg rekvalifisering
- ✓ Praksis for lærling på Gran Canaria
- ✓ Auke av bemanning på kontoret



Likestilling

Diskrimineringslova sitt føremål er å fremje likestilling, sikre like moglegheiter og rettar, samt hindre diskriminering på grunn av etnisitet, nasjonalt opphav, avstamming, hudfarge, språk, religion og livssyn. Opplæringskontoret arbeider målretta for å fremje lova sine føremål innanfor arbeidet med å sikre gode opplæringstilbod til ungdommar.

I styret sitt det seks kvinner og tre menn. Som vararepresentant sitt det ein mann og åtte kvinner.

Det er ei oppgåve for valnemnda og årsmøtet å få kjønnsbalanse i styret.

Arbeidsmiljø

Det er i 2023 ikkje registrert yrkesskade eller uhell som har ført til skade. Sjukefråværet har i perioden vore lågt. Det fysiske arbeidsmiljøet er vurdert som trygt.

Personalreglement for Herøy kommune vert nytta som personalreglement for Opplæringskontoret. Styret har arbeidsgivaransvar for dagleg leiar, mens dagleg leiar har ansvar for dei andre tilsette.

Kva motiverer dei tilsette i Opplæringskontoret?



Yvonne har hovudansvaret for helsearbeidarfaget

Det å få ha ein såpass variert arbeidskvardag motiverer meg til jobben.

Det er kjekt både å ha tid her på kontoret ilag med kjekke kollegaer, der vi kan hjelpe kvarandre med råd og løysingar i ulike saker. Og det er kjekt å få reise ut på bedriftene å møte lærlingane og instruktørane og høyre om deira kvardag .



Julianne har hovedansvar for lærlingane i barn og ungdomsarbeidarfaget

I tillegg til å ha eit godt arbeidsmiljø med gode lokaler, er arbeidsdagen og arbeidsoppgåvene varierte.

Vi møter, blir kjent med, og følger opp mykje kjekk ungdom. Og etterkvart ganske mange vaksne. I tillegg er vi heldige som får bli kjent med mange ulike arbeidsplassar og tilsette rundt om i kommunene våre.



Anne-Mari har ansvar for Ernæringskokkfaget og IT-driftsfaget

Jobben på Opplæringskontoert er veldig variert. Eg veit ikkje alltid kva dagen bringer, det er det som gjer jobben spenannade og lærerik.

Å få vere med på reisa til lærligane frå første møte, til den dagen dei er stolte fagarbeidara, gir meg den største motivasjonen.

Det er også ein god motivasjon å ha dyktige kollega å samarbeide med .

Forureining

Gjennom den daglege drifta av Opplæringskontoret, blir det ikkje registrert noko forureining.

Sidan Opplæringskontoret har fleire medlemsbedrifter som ligg i andre kommunar enn der Opplæringskontoret leiger kontorlokale, brukar ein bil for å kome seg til.

Dagleg leiar Anne-Mari og opplæringskonsulent Yvonne har elbil, og opplæringskonsulent Julianne har hybrid bil.



Utifrå målsettinga til Opplæringskontoret med å vere tilgjengeleg for både lærling, instruktør og lærebedrift, er kontoret avhengige å bruke bil for å nå lærebedriftene. I den store samanheng er ikkje dette noko ein vurderer som ein risiko.

Oversikt over tilskot gjennom året 2023

Gjennom året 2023 har Opplæringskontoret for Søre Sunnmøre handterte 162 kontraktar. Desse kontraktane er fordelt mellom basistilskot 1 og basistilskot 2, og kandidatar i ordninga «fagbrev på jobb» og «yrkesfagleg rekvalifisering».

Basistilskot 1

Tilskot til lærebedrifter som signerer lærekontrakt eller opplæringskontrakt etter opplæringslova § 4-5. Basistilskot 1 for 01.01.2023 er på 167 407,- kroner pr. lærling, praksisbrevkandidat eller lærekandidat for eitt år med fulltidsopplæring. Frå 01.07.23 er tilskotet 171 425 kr pr. år;- Kr 7143 pr. måned.

Det vert ikkje ytt tilskot for verdiskapingsdelen av opplæringa, men tilskotet fordelast jamt over heile læretida i bedrift, dvs. også for verdiskapingsdelen. Lærekontrakt gir tilskotsberekningar frå den dato læreforholdet tek til.

Basistilskot 2

Tilskot til bedrifter som signerer lærekontrakt etter opplæringslova § 4-5 tredje ledd, og for lærekontrakt signert av lærlingar som tidlegare har brukt opp sin rett til vidaregåande opplæring.

Satsen for basistilskot 2, pr 01.01.23 er kr 5452,- per lærling per måned i heile læretida i bedrift, totalt 65 421 kr. Frå 01.07.23 er tilskotet 66 991 kr pr. år;- kr 5583 pr. måned.

For denne ordninga er det ikkje skilnad på opplæringstid og verdiskapingstid.



Økonomi, rekneskap og årsresultat

Lærlingtilskot frå fylkeskommunen er Opplæringskontoret si inntektskjelde pluss medlemsavgift.

Fylkeskommunens tilskot til lærebedrifter avhenger av lærlingens alder og tidlegare gjennomført utdanning.

Herøy kommune har ansvaret for føring av rekneskapen til Opplæringskontoret.

Søre Sunnmøre Kommunerevisjon ved Bodil Skeide har revisjonen for Opplæringskontoret.

Økonomien til kontoret har vore stabil god dei siste åra

På årsmøtet i 2023 vart det vedtatt at ein skulle ha ei overføring på 25.000 kr pr. halvår pr. lærling til lærebedriftene.

| Årsrekneskapen viser følgjande : | <u>2023</u> | <u>2022</u> |
|---|--------------------|--------------------|
| Driftsinntekter | kr 7 813 256 | kr 6 559 393 |
| Driftsutgifter | kr 7 472 516 | kr 6 227 414 |
| Brutto driftsresultat | kr 340 740 | kr 329 907 |
| Renteinntekter | | kr 0 |
| Netto driftsresultat/årsresultat | kr 342 222 | kr 329 907 |

Disponering av overskot/dekking av underskot

Opplæringskontoret sitt netto driftsresultat på kroner 342 222 er sett av til disposisjonsfond i samsvar med gjeldande rekneskapsforskrifter for kommunale rekneskap/off. sektor.

Disposisjonsfondet på kroner 5.231.869,- kan brukast til å vidareutvikle kontoret for framtida, med nok ressursar som kan gi den service som læringar og medlemsbedrifter måtte ha behov for.


Vidare drift

Økonomien til Opplæringskontoret er basert på tilskot frå fylkeskommunen i Møre og Romsdal, og ut frå kor mange lærlingar vi har.

Kontoret er i positiv utvikling. Med auka tal både på lærlingar og medlemsbedrifter, er det eit godt grunnlag for vidare drift til stades og det er ingen signal om endring av drifta.



Lærlingar knytt til Opplæringskontoret pr. 31.12.2023



Aktive og avsluttande lærekontrakter.

Opplæringskontoret hadde 80 aktive lærekontrakter pr 01.01.2023. Ved årets slutt, pr 31.12.2023 var talet 117.

Totalt var det 163 lærlingar som hadde aktiv lærekontrakt heile eller delar av 2023.

Av lærlingar, avslutta 45 læreforholdet sitt i løpet av 2023.

3 lærekontraktar vart heva i løpet av 2023.

42 har avslutta med fagprøve i 2023.

Medan det vart signert 77 nye lærekontraktar i 2023.

40 av dei er no inn i sitt andre læreår, dei avsluttar læretida i løpet av 2024/25.



Resultat av fagprøver i 2023

Av 45 oppmeldte kandidatar, har 10 kandidatar fått resultatet «bestått meget godt», 24 kandidatar fekk resultat «bestått» og 8 kandidatar fekk resultatet «ikkje bestått». Ein del av dei som fekk «ikkje bestått» på førstegangsprøva, fekk gjennomført prøve nummer to og fekk då resultat «bestått» eller «bestått meget godt».

Der er også tre lærlingar som har vore ute i permisjon og som ikkje har fått gjennomført fagprøva i 2023.

Kontoret arbeider aktivt for å auke den fagleg kvaliteten og få fleire med karakter «bestått meget godt» eller «bestått».



| Lærefaga med oppmeldingar | Oppmeldte | Oversikt samla resultat i alle fag |
|---|-----------|--|
| Barne- og ungdomsarbeidarfaget Helsearbeidarfaget Institusjonskokkfaget | 45 | 10 fekk Bestått meget godt 24 fekk Bestått 8 fekk ikkje bestått 3 kandidatar går opp i 2024 |





Medlemsbedrifter og lærlingar i 2023


Pr. 31.12.23 er det 16 aktive medlemsbedrifter, og 117 aktive lærlingar i Opplæringskontoret.

Opplæringskontoret har pr. 31.12.2023; - 27 medlemsbedrifter.

Vi fekk ei ny medlemsbedrift i 2023. Det er Mosmarka barnehage i Ørsta.


Opplæringskontoret har gjennom sine lærebedrifter godkjenning i ni ulike lærefag.

Ved utgangen av 2023 hadde 568 lærlingar bestått fagprøve gjennom Opplæringskontoret og medlemsbedrifter sidan 1997.



Rekruttering

Rekrutteringa i 2023 blei fordelte på dei aktuelle faga slik:



Pr 31.12 hadde Opplæringskontoret til saman 120 aktive lærlingar. 12.87 % er menn.



Internasjonalisering



I 2023 søkte Opplæringskontoret om å bli med i Erasmus+ og fekk søknaden innvilga.

Erasmus+ er EUs program for utdanning, opplæring, ungdom og idrett. Det er det største utdanningsprogrammet i verda, med eit budsjett på 26,5 milliardar euro for perioden 2021-2027.

Dette Erasmus + prosjektet er eit samarbeid mellom Fylkeskommuna i Møre og Romsdal, Opplæringskontoret for hotell, restaurant- og matfag i Møre og Romsdal, Opplæringskontoret for frisørfag og Opplæringskontoret for salg og reiseliv.

02 januar reiste vår første lærling Kamilla Bjørlykke Storøy til Gran Canaria gjennom Erasmus+ prosjekt.

Det var 7 lærlingar som reiste nedover. Lærlingane var der i 3 månader. Vår lærling var hjå den Norske skulen i Arguineguin.

I eit intervju i Vestlandsnytt seier Kamilla «om eg hadde fått moglegheit for å reise nedover på ny, så seier ho ikkje nei takk»



Anne-Mari var på besøk hjå dei i perioden 25 februar til 4 mars. Dei ho fekk treffe alle lærlingane. Ho var også innom den Norske skulen og fekk prate med den som hadde ansvaret for Kamilla. Erasmus + prosjektet blir også gjennomført i 2024. Vi har to jenter som skal bli med i den neste perioda.

Arbeidet med internasjonalisering gir viktig fagleg utbytte for deltakarane, men må også sjåast på som eit omdømme- og rekrutteringstiltak for offentleg sektor.



Kurs, samlingar og møter i regi av Opplæringskontoret

Dette året har vi gjennomført fleire ulike møte, kurs og samlingar både for lærlingar og instruktørar. Vi har også gjennomført fleire informasjonsmøte til ulike kommunar om ulike vegar til fagbrev.

20 oktober arrangerte vi ein fagdag for instruktørane i alle lærefag.

Det møtte omtrent 100 instruktørar og faglege leiarar til ein fagdag på Ulstein hotell. Tanken med dagen var å gi fagleg påfyll og inspirasjon tilbake til instruktørane våre for den viktige jobben som blir lagt ned i å følge opp lærlingar ute i bedriftene. Denne dagen leigde vi inn Renate Walderhaug som heldt foredrag om «Tankevirus», og Audhild Mork som heldt foredrag om «LØFT».



Kompetansehevingsmidlar

Vi søkte også i 2023 om kompetansehevingsmidlar og vi fekk tildelt kr 78.200.

Målet med kompetansemidlane var hospitering til Stavanger universitetssjukehus for erfaringsdeling om læretid ved sjukehus for lærlingar i helsearbeidarfaget.

I starten av oktober sette Yvonne kursen mot Stavanger saman med faglege leiarar og lærlingane ved Volda sjukehus, to frå prøvenemnda på Søre Sunnmøre og vår rådgjevar på fylket. Målet med turen var hospitering på Stavanger universitetssjukehus som har mange års erfaring med lærlingar på sjukehuset. Her i vårt fylke er lærlingordninga på sjukehuset relativt ny, så for oss blei dette både inspirasjon og lærdom, både kring organiseringa gjennom læretida og gjennomføring av fagprøver. Vi blei tatt godt imot av dei tilsette på Opplæringskontoret på SUS, og dei hadde laga eit godt opplegg for oss. Lærlingane vi hadde med, Benedicte og Hedda, fekk til og med tilbringe nokon timar saman med lærling på barselavdelinga, samt delta på fagdag saman med lærlingane på sjukehuset der.





Kvalitetssikring

Tett oppfølging av lærlingane og instruktørane er viktig for å sikre kvalitet i opplæringa. Læreplanen i faget og arbeidsoppgåvene på den enkelte arbeidsplass legg rammene for innhaldet i opplæringa. Det er viktig med jamleg vurdering av lærlingen si utvikling i forhold til måla i læreplanen. For at vi skal vere ei god lærebedrift som sikrar eige rekrutteringsgrunnlag og gir lærlingane god opplæring, er det viktig at vi kontinuerleg driv vurdering og ser på korleis vi som lærebedrift planlegg, gjennomfører og evaluerer opplæringa.

Digitale lærebøker (olkweb) gjer at vi lettare kan følgje med kvar einskild lærling og bedrift.

Alle lærlingar skal også gjennom året ha rett til to halvårsvurdering etter opplæringslova § 3-1. *Rett til vurdering.* Dette er med å kvalitetssikre opplæringa som blir gitt av medlemsbedriftene.

Opplæringskontoret har også ulike kvalitetssystem som dei må halde seg til. Dette er system som utdanningsavdelinga i Møre og Romsdal fylkeskommune har bestemt at vi skal følgje.

Lærling – Lærebedrift undersøkinga

Den årlege undersøkinga gjennomførast i regi av Utdanningsdirektoratet og gir indikasjonar på læresituasjonen i bedrifta sett frå 2.års lærlingen og fagleg leiar si side.

Undersøkinga var i perioda 16. oktober til 20. desember 2023.

Lærlingundersøkinga viser at lærlingane har høg trivsel med god eigeninnsats. Totalt deltok 27 av 31 lærlingar i målgruppa. (87 % svar)

Når det gjeld lærebedriftsundersøkinga så vart det 100 % svar. 22 aktive faglege leiarar svarte på undersøkinga.

Profilering

Opplæringskontert har vore aktive på sosiale media dette året, både på Instagram, Facebook og på nettsida til Opplæringskontoret.

Opplæringskontoret bruker å kjøpe drikkeflasker og handlenett til alle nye lærlingar, det vart også gjort i år. Det har også blitt kjøpt ny Roll-up. Og vi har også korrigerert filmen, slik den er rett i forhold til kvar vi held til.





Rekrutteringspatrulja

I september sette 3 lærlingar og Julianne seg på flyet til Oslo for å være med på opplæringsdagar for rekrutteringspatrulja i regi av KS og Jobbvinner. Etter nokon år med covid, får vi endeleg igjen sende lærlingar ut til ungdomskulane og vidaregåande for å fortelje om faget sitt, ein viktig del av rekrutteringa inn til yrkesfag. På seinhausten kom det to medlemmar til inn i patroljen. Desse 5 skal i januar besøke alle 10 klassene på Søre Sunnmøre, samt klassene med Vg1 helse og oppvekst, Vg2 barne- og ungdomsarbeidarfaget, og Vg2 helsearbeidarfaget.



Vidaregåande skule

Opplæringskontoret i samarbeid med medlemsbedriftene, bør prioritere å forsterke samarbeidet med dei vidaregåande skulane i vårt distrikt. Yrkesfagleg fordjuping (FFY) er den arenaen medlemsbedriftene kan bruke for å rekruttere til dei ulike yrka samfunnet har behov for. Vi har mykje å hente på å skape kontakt med unge som kanskje vil søkje til ledige lære plassar, eller som på anna vis kan vere attraktive som arbeidstakarar. Vi må jobbe med å framsnakke både yrket og arbeidsplassar, og behalde framtidige arbeidstakarar i området.

Kompetanse og næringsavdelinga i Møre og Romsdal fylkeskommune

Vår viktigaste samarbeidspartnar er Møre og Romsdal fylkeskommune, avdeling kompetanse og næring. Vi har godt samarbeid med vår rådgivar Linn Helen Falk og andre på avdelinga for kompetanse og næring.

I 2023 vart det arrangert to samlingar for alle Opplæringskontora i Møre og Romsdal og kompetanse - og næringsavdelinga på fylket. I vår var vi på to dagars samling i Geiranger, og i haust var vi på lunsj til lunsj samling i Ålesund.



Avslutningsvis

Det har vore 162 lærekontraktar knytt til Opplæringskontoret i 2023.

Opplæringskontoret har signert 77 nye lærekontrakter i 2023. 45 lærlingar har fått gått opp til fagprøve, av desse var det 10 som fekk resultatet «bestått meget godt», 24 som fekk resultatet «bestått» og 7 som fekk resultatet «ikkje bestått» på første forsøk.

Opplæringskontoret arbeider for å auke den fagleg kvaliteten ut til våre bedrifter og lærlingar for at fleire skal få karakter «bestått» eller «bestått meget godt».

Det må vere eit langsiktig mål at alle medlemsbedrifter tek inn lærlingar og at dei tek inn lærlingar i samsvar med behov for rekruttering i aktuelle fag for bedrifta.

I 2023 starta 18 kandidatar i ordninga «fagbrev på jobb» og i ordninga «Yrkesfagleg rekvalifisering». Totalt har vi 26 kandidatar i denne ordninga pr 31.12.23.

Vi avslutta året 2023 med 117 lærlingar fordelt på fire ulike lærefag.

At vi har vore tre tilsette på kontoret i 2023 har vore heilt nødvendig i forhold kor mange lærlingar vi har følgd opp i 2023. Vi har også gjennomførte mange ulike samlingar og aktivitetar for både lærlingar og instruktørar og medlemsbedrifter.

Med godt samarbeid mellom dei ulike aktørane, som vedkjem fagopplæringa i vår region, så må det viktigaste målet vere å kunne gi ungdomane eller unge vaksne ei fagutdanning med god fagkunnskap og rette haldingar, som vi har bruk for i samfunnet.